

Til kommuneoverlege
fastlegar og sjukeheimslegar

TIL ORIENTERING

Mork Rehabiliteringssenter er ein seksjon i Avdeling for fysikalsk medisin og rehabilitering i Helse Møre og Romsdal. Våre tverrfaglege team av ergoterapeut, fysioterapeut, sjukepleiar, miljøterapeut, logoped, sosionom og lege jobbar med pasientar som har samansette funksjonsvanskar og behov for spesialisert rehabilitering. Ein dag i veka har vi samarbeid med ortopedingeniør frå TOV, og tek då vurderingar kring ortopediske hjelpemiddel. Dette er eit tilbod både for inneliggande og polikliniske pasientar.

Vi har eit kontinuerleg fokus på å betre kvaliteten på tenestene våre, og dei siste åra har vi vidareutvikla vårt tilbod gjennom pasientforløpsprosjekt. Dette er viktig arbeid for å kunne gi pasientane kvalitetssikra, standardiserte og målretta rehabiliteringstenester.

Hovuddelen av pasientane ved Mork kjem direkte frå sjukehus etter akutt skade eller sjukdom. **Men vi tek også i mot heimebuande pasientar med kroniske og komplekse funksjonsvanskar. Desse kan ha behov for spesialiserte rehabiliteringstenester med målsetning om å forbetre ulike funksjonar, både på kroppsnivå, aktivitet – og deltakingsnivå.** Mange funksjonsvurderingar kan gjerast kommunalt, men ved komplekse funksjonsvanskar, kan det vere behov for ei tettare vurdering av eit tverrfagleg team med spesialkompetanse på korleis ulike funksjonar påverkar kvarandre og pasienten i kvardagen. I tillegg gjennomfører vi vurderingar av fysiske og kognitive funksjonar, meistring av ADL-ferdigheiter, og vi kan bistå med utreiing og behandling av spastisitet, revurdering av hjelpemiddel og ortopediske hjelpemiddel.

Du har moglegheit til å henvise dine pasientar til følgjande tilbod ved Mork

Primærrehabiliteringsopphald

Eit opphald til pasientar som på grunn av akutt sjukdom eller funksjonsforverring, treng intensiv tverrfagleg oppfølging i spesialisthelsetenesta.

Rehabiliteringstilbod til heimebuande pasientar med kroniske og komplekse funksjonsvanskar.

Ut i frå søknad og opplysning frå pasient, vil vi vurdere kva tilbod vi vil gi. Vi kan mellom anna tilby denne pasientgruppa poliklinisk behandling/ vurdering, 5-dagers vurderingsopphald og/eller rehabiliteringsopphald.



Avklaringsopphald 5-dagar.

Avklare om pasienten er tilgjengeleg for spesialisert rehabilitering, eller tverrfaglig funksjonsvurdering, for rettleiing av personalet ved sjukeheimen til vidare rehabilitering/oppfølging.

Gruppeopphald Mork tilbyr seinfaserehabilitering i form av 2 vekers gruppeopphald, hovudsakleg til heimebuande hjerneslagspasientar. Hovudfokuset er erfaringsutveksling og undervisning om aktuelle tema.

Innhald i henvising:

For å kunne gi et optimalt rehabiliteringstilbod til pasienten, er det viktig at henvisinga inneheld oppdatert informasjon om pasienten sine funksjonsvanskar og målsettingar med opphaldet.

Henvisinga kan sendast elektronisk til :

Henvisingar og søknader ved for Avdeling for fysikalsk medisin og rehabilitering, under Ålesund sjukehus eller direkte til

Mork Rehabiliteringssenter, **elektronisk adresse:** Almen – Mork rehab.senter under Volda sjukehus

Kan også sendast som brev med adresse:

Mork Rehabiliteringssenter, Rydet 16, 6105 VOLDA

Vi ønskjer oss eit godt samarbeid med kommuneoverlegar, fastlegar og sjukeheimslegar, så om du har noko spørsmål rundt tilbodet vårt, eller i forhold til pasientane dine, kan du gjerne ta kontakt på telefon 70168900.

MORK REHABILITERINGSSENTER, 3. september 2019

Anita Nybø, seksjonsleiar